

KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

Mai 1995

49. årg.



Å, kor djup er Herrens nåde
som eit hav, så djup og vid!
Å, kor kjærleg er hans rettferd,
som kan meir enn gjere fri!
Det er ingen som kan kjenne
våre sorger slik som Gud,
ingen domar som så venleg
slettar brot og synder ut.

Det er rikeleg forløysing
i vår Jesu dyre kross.
Det er sog og evig glede
i det blod som rann for oss.
Og vårt hjarta fylt av kjærleik
ved vår tru på ordet hans,
då vart livet til ein stråle
av Guds herlegdom og glans

F. W. Faber/ o. Arve Brunvoll

KRISTENDOM

I pinsehelga skal me feira at det er 1000 år sidan Noreg vart kristna. Jubileet vert markert over heile landet, men Moster står nok i ei særstilling. I den seinare tid har det vore mange ytringar om jubileet og ikkje minst om motsetningane innan kristenlivet. Sjølv sagt er det ikkje noko gale i å vera ueinig, men å boikotta vil vel lett føra til meir splitting og ikkje minst til at kravet om skilje mellom stat og kyrkje vert større.

Det burde kunna vera mogeleg å møtast sjølv om ein ikkje er eining i alt. Å sitja på kvar si tue å ropa til kvarandre har ikkje mykje for seg.

Kristendomen har vore vår store kulturbærar gjennom genrasjonar og har gjeve mange verdifull ballast i livet. I det siste er det også kome signal frå statsråd Hernes at dei ynskjer å styrkja Kristendomsfaget i skulen. Med så mange nye og framande religionar i landet vårt må me syta for at kristendomen har sin rettmessige plass både i skulen og samfunnet elles.

I avisene har det også vore krav om at dei som skal undervisa i kristendom bør vera positive til den kristne trua. Dette har andre reagert negativt på, det vil vera å innföra yrkesforbud i skulen, vert det hevda. Det er nok mange som er skikka til å undervisa i dette faget, men den som skal gjera det bør nok ikkje berre visa interesse for dei kalde faktene. Vedkomande bør også visa at han er interessert i at den oppveksande slekt får læra om si eiga kulturelle bakgrunn.

Så lat oss stå saman om at både 1000-årsjubileet og kristendomsfaget i skulen vert til beste for som alle lever i landet. Det er trass alt meir som samlar enn som skil.

Ragnvald Kringlebotten

ORD PÅ VEGEN

"I kriser vert nye idear født"

"Først når ei mister det ein har, skjørnar ein kva det er verdt."

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktören i hende innan 9. juni 1995.

Bladet kjem ut i veke 27 som byrjar med 3 juli
Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20.
Res. kap. Kjell Arne Norum
tlf. 56 59 70 88 Mobiltlf. 94 50 29 92.
Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag,
onsdag og torsdag kl. 9-13.
HUGS - måndag er presten sin fridag.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60,-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle.
Tlf. 56 59 51 81/56 59 52 50
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese

KYRKJA I NORGE 1000 ÅR

I år vil vi feira at det er 1000 år sidan kong Olav Trygvason steig i land på Moster og heldt gudsteneste. Då hadde folket vårt allereie gjennom eit par hundre år hatt aukande kontakt med den kristne trua. Men vi har valt hendinga i 995 for å feira at det er tusen år sidan denne trua fekk sikkert fotfeste i landet vårt.

Korleis feiar vi eit slikt jubileum? Eg meiner det er to stikkord som er høvelege: Takksem og bot.

TAKKSEMD

Takken går til Gud. Evangeliet har lydt gjennom tusen år. Menneske fann fram til Frelsaren. Dei fann fred med Gud. Dei fekk hjelp til å leva og hjelp til å døy. Lover og seder vart endra. Mennskehjarto mjukna. Ord som tilgje-ving og nestekjærleik vart lyft fram.

Sant nok: Ikkje alltid fekk bodskapen lyda like klårt og reint. Og innimellom kunne det verka som om det var mykje meir skal enn kjerne. Den som les norsk historie, vil finna vekslande tider og tilhøve. Men alltid vende Gud tilhøva, slik at evangelieordet endå ein gong vart til liv og sæle for mange.

Vi har ein kostesam arv å gje vidare. Gud åleine skal ha takken!

BOT

Det andre ordet er bot. Det er eit ord som er framandt for mange. Det må forklårast. Å gjera bot inneber å ransaka seg sjølv, angra det som er galt og gå til Herren med det. Hos han finn vi den reinsande krafta, tilgjeving frå Gud.

Den som gjer bot, vil ikkje så lett verta fanga inn av sjølvskryt og sjølvgode handlingar. Vi feirar ikkje jubileum fordi vi har ei framifrå kyrkje. Vi lyt vedkjenna oss at vi høyrer til ei kyrkje som er skrøpeleg på mange vis. Og vi er med-ansvarlege i dette. Gud kalla oss til å vera ljós og salt.

Men så ofte vanta kjærleiken og krafta. Vi er halvhjarta i vår tru, og har tilpassa oss denne verda. Men lat oss så, nettopp difor, venda oss til den krossfeste og oppstadne - til Forsonaren. Lat oss bøya oss for han, bera fram for han våre svikt og svik. Og lat oss så tru at han tilgjev!


Her er den reinsande krafta å finna for oss og for kyrkja vår, og for det norske samfunnet. Her ligg nøkkelen til fridom og lovesong. Heilaganden vil signa den audmjuke med kjærleik, glede og fred. Så lat oss gjera bot!

Guds ord det er vår fedreary,
til borni skal det ganga.

Den ætt som kjem, lik den som kvarv,
ved ordet trutt skal hanga.

Gud, gjev òg oss den ros:
Ditt ord, det er vårt ljós!

Så lenge verdi stend,
det lyse i vår grend
so er vegull i ætti!



Dale Kyrkje der jubileumsgudstenesta s 2.
pinsedag

Foto: Torbjørn Øvsstun


1000-års jubileum

I pinsehelga skal det over heile landet markerast at det er 1000 år sidan Noreg vart kristna. I det høvet vil kyrkjebladet ta med litt om Stamnes som er den eldste kyrkjesta- den i Vaksdal.

I fylgje boka "Soga om Stamneskyrkja" som kom ut til 125-årsjubileet i 1986 kan me lesa fylgjande om kvifor Stamnes vart kyrkjested:

"På kvar side av kyrkjegarden, for vestre og austre enden av den gamle Stamneskyrkja, var der ein gravhaug, og på kvar haug stod det ei gamal kjempeeik..." "Me kan såleis seja at det berre er to sikre grunnsteinar me kan kalla føresoga til Stamneskyrkja: Fyrst desse to gravhaugane. For det er ikkje eit tilfelle at kyrkja var sett mellom desse haugane. Den andre grunnsteinen er storhendet i Noregssoga; at landet vart kristna, dermed og den molen av Noreg som vart heitande Stamnes kyrkjessogn."

-Ein reknar fyrste kyrkja på Stamnes attende til 12-1300 talet. Det var ei stavkyrkje. Ein har ikkje skriftleg dokument på dette då de som var skrive er vorte borte frå statsarkivet, og såleis mist.



Stamnes, kyrkjested frå 12-1300-talet

Etter denne vart det så oppført ei lita tømmerkyrkje som var i privat eige. Denne kyrkja sto heilt til 1861 då noverande kyrkje vart teken i bruk. Tømmerkyrkja var på slutten därleg vedlikehalden og ikkje særleg eigna, fortel Olav Gammersvik.

"Ein annan grunn til Stamnes som kyrkjested var nok at staden ligg ved skipsleia, det var ikkje alltid at kyrkjene i gamal tid låg i midten av sokna. Stamnes hadde også god landing og var på ein måte den tids geografiske midtpunkt. I tillegg var det helst største garden i soknet som vart vald til kyrjepllass, med den rike bonden som påkostar for kyrkja."

Jubileum

Sjølve hovudmarkeringa i Vaksdal prestegjeld skal føregå i Dale kyrkje andre pinsedag, 5. juni. Der vert det gudsteneste med ymse innslag. Denne tek til kl. 18.00. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi i kantina til Dale Garn og Trikotasje.

Stamnes og Vaksdal skal ha gudstenester første pinsedag kl. 11 med kyrkjekaffi etterpå.

Så me oppfordrar alle som har høve til det å ta turen til kyrkje i pinsehelga og på den måten vera med og feira at kristendom har vore levande i Noreg gjennom 1000 år.

R.K.

BERGSDALEN KYRKJE

11. juni skal det markerast at det i år er 40 år sidan Bergsdalen Kyrkje vart innvigd. Ein av dei som var med i plannemnda, Knut Rødland, seier at tanken om kyrkje i Bergsdalen går attende heilt til 1915. Då kom det heim dollarar frå utvandra Bergsdølar. Det var ei jente frå Rødland som gifte seg med ein Krankenberg frå Fyksesund som hadde utvandra til Amerika. Noko av grunnen hennar for å gjera dette var at ho hugsa kor lang veg dei hadde for å koma til kyrkje. Den gongen måtte dei over fjellet til Evanger eller Bolstad for å koma i kyrkja, seier Rødland.

-Seinare var det også såkalla "Liafestar" for å samla inn pengar til kyrkje. Då nemnda vart sett ned i 1941 var det samla inn 1800 kroner. Mange meinte det var å ta seg vatn over hovudet å byggja kyrkje i Bergsdalen, men det vart nå ein realitet, fortel Rødland.

-Nemnda var samansett av Alvhild Berge, Knut Rødland, Klara Lid, Gudleik Lid, Anders Fosse og Johannes Hatlestad. Johannes Hatlestad



Bergsdalen Kyrkje, 40 år i 1995

Foto: Daniel Lid

døydde etter ei tid og i hans stad kom sonen Per Hatlestad inn. Nå det berre Alvhild Berge og eg som lever att av nemnda, seier Rødland.

-Evanger Kommune som Bergsdalen den gong hørde til løyvde pengar etter kvart som dei hadde høve til det, men det var begrensa kva små kommunar kunne makta. Kyrkja som stod ferdig i 1955 kom på 250.000 kroner, då var det utført mykje dugnadsarbeid. Orgelet var ei gavé frå ei dame som heitte Kartveit. Viking Lid gav klokke til kyrkja. Elles fekk me gaver frå mange stader, avsluttar Rødland.

Leiar i Bergsdalen sokneråd, Lise Lotte Småbrekke, fortel at den 11. juni vert jubileet markert med gudsteneste ved Kjell Arne Norum. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi der det mellom anna vil verta vist film frå innviinga. Denne filmen er seinare overført til video, så det er ein video me skal sjå, fortel Lise Lotte Småbrekke.

Så den dagen burde vera eit fint høve til å leggja turen til Bergsdalen.

R.K.

Foto: Magne Solhaug (VP)

ISRAELSKVELD

Søndag 2. april var det vitjing på Stanghelle Bedehus av Ola Melhus frå Israelsmisjonen. Saman med han var også Siddi Deutch, som er jøde.

SIDDI DEUTCH

Siddi Deutch fortalte om korleis Gud hadde styrt livet hennar slik at ho hamna i Noreg.

-Eg hadde aldri hørt at ein jøde kunnetru på Jesus, men den store redninga kom den dagen eg fekk møta Jesus. Før det var livet mitt eit mareritt. Eg er født i Polen og vaks opp i Romania mellom folk som hata jødane. Me låg på markene, det var krig, vona på kvelden, men når kvelden kom og du låg der og var svølten tenkte me: "Måtte det berre bli morgon".

-Eg overlevde krigen og hamna i vesten. Eg var ferdig med livet og hadde ingen ting å leva for. Livet mitt var fylt av hat. Eg visste ikkje at det var ein som held si hand over meg, at det for snart 2000 år sidan var ein redningsaksjon som også var for meg. Eg såg ikkje noko håp, men Gud hadde ein plan. 29 år gammal fekk eg høyra evangeliet om at Jesus døydde også for meg. Gud har vald ut jødane, ikkje omvendt. Det Jesus gjorde for meg sletta ut alt hat i meg. Tenk at Gud redda meg frå hat og vondskap og plasserte meg mellom kristne i Noreg. For meg var det eit under at nokon kunne elska jødar.

-Når ein jøde vert sett på sporet gjev han seg ikkje før han når målet. Kjærleiken vann mèg, det er ein utveg frå hat og vondskap, Jesus, og no har eg vore ein kristen i 48 år, sa Siddi Deutch.

VESLEBROR

-Eit nytt kapittel kom til i livet mitt då eg fekk brev frå veslebror min som eg ikkje hadde sett på 54 år. Me kom frå kvarnadré då me flykta til Russland i 1941, og i mai skal me møtast att.

-Strategen ved Guds høgre side ville at eg

skulle vera budd. Så eg vakna natta før brevet kom og vart liggjande å nynna på Alf Prøysen si vise: "Det kan bare lillebror". Ikkje skjøna eg kvifor eg skulle nynna på denne visa. Vanlegvis song eg lovsongar til Gud dersom eg vakna om natta, men denne visa kverna om att og om att inni meg. Eg skjøna at det var Herre som ville gjera meg budd på det som skulle koma. No skal me møtast i Haifa, då skal det verta gildt å få møta veslebror, Cecil att, avslutta Siddi Deutch.

EVANGELIET

Ola Melhus avslutta kvelden og sa: Evangeliet er ei Guds kraft, kjærleiken ei også ei frukt av evangeliet. Av og til kan me verta mismodige, orda våre strekk ikkje til. Men det viktigaste er kva me får sagt om Jesus, for evangeliet kan utføra under, det har makt til å føra folk til Jesus, sa Melhus.

R.K.



Siddi Deutch på Stanghelle Bedehus.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

MISJONSKVELD

Fredag 24. mars var mange samla i Vaksdal Bedehus for å høyra Trygve Bjerkheim og Kåre Ekroll frå Norsk Lutherisk Misjonssamband.

Etter velkomstord frå Leif Eilifsen tok Kåre Ekroll over. Han takka for velkomstord og sa at i denne kvelden skulle det syngjast mange songar av Bjerkheim.

-Songane hans er vorten kjær for mange, ikkje minst "Han tek ikkje glansen av livet" og "Det er makt i de foldede hender". Desse songane har me bruk for også i dag, sa Ekroll. Gud har ein plan med ditt liv, er he det stort. Gud tenkte store tankar om oss, held Ekroll fram.

Kjærleik

Trygve Bjerkheim takk for velkomstord. - Det er godt å vera velkommen, sa Bjerkheim. Eg tenkjer på ordet "sjå kor dei elskar kvarandre". Kjærleiken i Jesus er det størst av alt, kor stort at Gud har lagt ned noko av dette hjå oss. -I det siste har eg tenkt mykje på engalane, sa Bjerkheim. Englane er tenande ånder for me som skal arva den store sæla. Me må takka for desse som sende bod om ein frelsar.

-Me har ein yppesteprest som trer fram for oss. Gud har tilsagt sitt nærver. For ein mektig Gud me har. Det er ikkje noko småting å vera ein kristen. Me er kront med herdom og ære, me er Guds arvingar. Me har eit paradis i vente, ei æve med Gud og me skal få ein lekam som er lik hans herleddoms lekam.

-Me er Guds ypparste skapningar, me kan få lov til å gratulera kvarandre at me er til ein Guds skapning, avslutta Bjerkheim.

Vaksdal Kyrkjekor deltok under leiing av Gunvor Bjørsvik. Kvelden vart så avslutta med at me fekk sjå ein misjonsvideo frå Mongolia. Der møtte me melloma anna Trygve Gjedrem, professor ved landbruks-høgskulen på Ås, som skulle læra folk å ta betre vare på jorda si.

(R.K.)



Trygve Bjerkheim på talarstolen på Vaksdal Bedehus.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Trygve Bjerkheim saman med Knut Rødland som på sekstidalet gjesta Bjerkheim sin barn- domsheim i høve eit sauemøte.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

ORD PÅ VEGEN

"Nøl ikkje når du tenkjer på å gjera noko godt".

FRED

Me tek her med helsinga biskopane sende ut til kyrkjelydane i høve 50-års minnet for freden.

"Biskopane i den norske kyrkja sender ei helsing til kyrkjelydane ved 50-årsmillet for fri-gjeringa i 1945.

Saman med folket vårt vil vi minnast maidagane i 1945 då freden etter kom til landet, og vi fekk oppleva frigjeringa frå krigen sine redsler og den grufulle undertrykkinga under nazismen.

Maidagane for 50 år sidan var dagar med usigeleg lette og glede, men også med sorg og vedmod med tanke på alle dei liv og all den liding okkupasjonen hadde kosta.

Ved dette jubileet har vi som kyrkje særleg grunn til å takka og la oss utfordra av røynslene frå kyrkja sin kamp under krigen.

I dag som den gongen går takken til Gud, og som den gongen grip vi orda hjå salmisten: "Då Herren vende Sions lagnad, var det for oss som ein draum... Då sa dei mellom folka: Store ting har Herren gjort mot desse. Ja, store ting har Herren gjort mot oss, og vi vart glade." (Salme 126).

Samstundes vil vi takka for at sår er lækta og for at menneske og nasjonar er forsona. Vi bed til Gud at det som framleis er smerterfullt og splitta, må heilast, så vi kan gå framtida i møte som eit samla og sunt folk, og saman med andre nasjonar byggja ei verd i fred.

Kampen mot destruktive krefter er ikkje vunnen ein gong for alle. I mange delar av verda lever menneske i dag under skuggane av krigen. Urett vert øvd mot folkegrupper, og menneske-verdet vert krenkt. Også i vårt eige land vert det spurt etter vilje og solidaritet og til rettferdig fordeling av goda. Ei særleg oppgåve er det å møta menneske med ein annan kulturell og etnisk bakgrunn enn vår eigen utan mistru og hat.

Som kyrkje vil vi arbeida for


- at freden mellom folkeslaga må fremjast,
- at forsoninga frå Kristi kross må levast ut mellom folkeslag og einskildmenneske,
- at vi må tena Gud med truskap,
- så vi saman med alle folk på jorda kan stå fast i striden mot det vonde.

I år markerar vi ikkje berre 50-årsmillet for frigjeringa. Vi feirar også at det er 1000 år sidan kristendomen fekk varig feste i landet vårt. På ein

særleg måte har den kristne trua bore oss gjennom tunge tider. I Noregssoga har evangeliet synt seg som ei levande kraft gjennom gode og vonde dagar.

Difor helsar vi kyrkjelydane med oppnedinga frå Hebrearbrevet: "Lat oss halda urikkeleg fast på vedkjenninga av vår von; for han er trufast, han som gav lovnaden. Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærligkeit og gode gjerningar." (Hebr. 10, 23-24).

Biskopane i Den norske kyrkja



Gud sender aldri nokon tomhendt bort – unntatt han som er fyllt av seg sjølv.

KYRKJELYDSWEEKEND for Stamnes og Eidslandet

20. januar var me 16 personar som ikkje brydde oss om storm og ruskever, me reiste til Fagertun til ei forventningsfulle helg.

På Fagertun stod vertskapet Magnhild og Ingolf Gammersvik som tok i mot oss. Då me hadde fått fyr på peisen og fått i oss varm suppe, var det klart for kveldssamling med song og bibeltime.

Etter frukost på laurdag kom det fleire deltagarar. Så var det bibeltime ved Kjell Arne rum, der temaet var "Stille for Herren".

Då me var ferdige med bibelsamlinga tok me ein tur ut. Ungane brukte ski og akebrett. Nokre av dei vaksne gjekk "runden" for veret var fint og sola glytta og fram.

Middag smakar alltid godt på slike turar og når den var vel fordøygd var det etter bibelsamling ved Kjell Arne. Temaet denne gongen var "Eitt i Herren". Om kvelden hadde me "dele-kveld".

Søndag var det gudsteneste i Eksingedalen

kyrkje. Nokre av deltakarane hadde øvd inn nokre songar som dei song i kyrkja.

Me hadde ein fin week-end på Fagertun. Alle var me einige om at dette me gjentakast. Det var Stamnes sokneråd og Stamnes Indremisjon som stod bak tiltaket.

Anne Margrete Eikefet



Barn i vinterleg leik på kyrkjelydsweek-end

Foto: Anne Margrete Eikefet



Praten går livleg på Fagertun

Foto: Anne Margrete Eikefet

KRINSMØTE

1. april var søndagsskulearbeidarar frå Bergen Krins samla til Krinsmøte i Indre Arna Kyrkje.

På krinsmøtet var mellom anna generalsekretær i Søndagsskuleforbundet Alf Danbolt med. Han hadde føredrag om "Søndagsskulen i våre barns framtid".

-Korleis framtida vert er ikkje lett å seia, men me har profetiar. Gud har ein plan med kvar enkelt av oss. Me må læra oss å leva i Guds plan med våre liv og formidla dette vidare til borna. Det er i alle fall ikkje skjebnen som skal råda, me som kristne trur ikkje på skjebnen, me trur på Gud.

-I veldig stor grad er me med og bestemmer våre barn si framtid. Avstandar vert mindre, ting tar mindre tid. Kommunikasjonar vert stadig for- andra. Likevel har me fått mindre tid. Kanskje kan dette retta seg. Samlivet er også i stor endring. Familiar vert opplyste, kva gjer me med det? Ofte vert det liten kontakt over generasjonsgrensene. Samfunnet vert meir og meir pluralistisk. Korleis skal me så驱va søndagskule oppi alt dette? Me må be om rikeleg visdom frå Gud slik at me tar dei rette val, sa Danbolt.

Arne Verpelstad frå Stanghelle kom inn på varaplass ved val at nytt krinsstyre.

R.K.



Utsendingar frå Vaksdal kommune på krinsmøtet til Bergen Søndagsskulekrins.

FERIE

Den Norske Sjømannsmisjon informerer om at sjømannskyrkjene rundt om i verda er open for alle som er ute og ferdast på ferie eller anna reis. Skulle nokon vera interessert i adressene til kyrkjene kan de ta kontakt med:

Den Norske Sjømannsmisjon, Postboks 2007, Nordnes 5024 Bergen. Besøksadr. Strandgt. 198. Tlf. 55 32 76 30. Fax. 55 23 42 31.

Færre utmeldingar frå Kyrkja

Utmeldingar frå Den norske kyrkja har gått forsiktig nedover dei siste åra. Det var berre 4562 som meldte seg ut i 1994.

Me må tjue år attende for å finna eit så lågt tal, melder Årbok for Den norske kyrkja i si 1995- utgåve. Størst utmelding var det i 1978 då 11.755 personar meldte seg ut av Dnk.

(KIT)

Sommarleiarar Sætervika i Fusa

| | |
|---|-----------|
| 19. - 21. Juni, 8 - 10 år | Kr. 250,- |
| 21. - 24. juni 10 - 12 år | Kr. 390,- |
| 25. juni Sætervikastemne | |
| 26. - 29. juni 8:-10 år | Kr. 370,- |
| 29. - 2. juli Generasjonsleir | Kr. 390,- |
| 3. 7. juli Aktivitetsleir 12 - 14 år | Kr. 590,- |
| m/ akt. materiell | |
| 31. 7 - 3. aug. Interesseleir ov. 14 år | Kr. 750,- |
| m/ akt. materiell | |
| 8. - 12. aug. Ferieleir 10 - 14 år | Kr. 530,- |

For informasjon og påmelding skriv eller ring til
Norsk Luthersk Misjonssamband
Ø. Muralm. 18, 5012 Bergen Tlf. 55 32 12 52

Leir for psykisk utviklingshemma

Alder: Over 16 år
Stad: Kongshaug Folkehøgskule, Lepsøy i Os.
Tid: 5. - 9. juli
Turar - bading, samlingsstund, aktivitetar ute og inne.

Informasjon om pris m.m. får de ved å skriva eller ringja til:
Norsk Luthersk Misjonssamband
Ø. Muralm. 18, 5012 Bergen Tlf. 55 32 12 52

Sommeren med Det Norske Misjonsselskap på Kvamsseter!

| <i>For de yngste</i> | |
|----------------------|---------------------------|
| Leir 1 | 17. - 20. juni |
| Leir 2 | 21. - 25. juni |
| Leir 3 | 26. - 29. juni |
| Leir 4 | 29. juni - 2. juli |
| Leir 5 | 17. - 21. juli |
| Leir 7 | 7. - 11. august |
| | 1. - 3. klasse |
| | 4. - 7. klasse |
| | 1. - 3. klasse |
| | 4. - 7. klasse |
| | 4. - 6. klasse (Brandøy!) |
| | 3. - 6. klasse |

For alle generasjoner
Leir 6 3. - 6. august barnebarn-/besteforeldreleir

For de eldste
5. - 9. juli
11. - 13. august
Pensjonistferie
Sommermøte - som avsluttes med Misjonssenterdagen 13. august.

For nærmere opplysninger og påmelding - kontakt
NMS kretskontor, tlf.: 55 31 00 61.

SOMMARLEIR MED SANTALMISJONEN

Elida - tur:
Tenåringars leir med båten «Elida»
Tid: 2 - 4 juni
Alder: 13-18 år
Stad: Avgang frå Bergen

Ferieveke for pensjonistar:
Tid: 6-10 juni
Stad: Helgatun

Barneleir 1:
Tid: 19-22 juni
Alder: 1-3 klasse
Stad: Kvamshaug

Barneleir 2:
Tid: 23-27 juni
Alder: 4-6 klasse
Stad: Kvamshaug

Internasjonal sommarleir:
Tid: 12-17 juli
Familieleir
Stad: Sætervika Ungdomssenter
Arr. Kristent innvandrararbeid

Barnebarn og besteforeldreleir:
Tid: 10-13 august
Aldre: 0-100 år
Stad: Raknestunet
Saman med Norhordaland indremisjon

Ring eller skriva etter program:
Den Norske Santalmisjon
Ø. Korskirkealm. 5, 5017 BERGEN
tlf; 55 31 60 90




KYRKJA I NOREG
1000 ÅR
MOSTER 995-1995

SLEKTERS GANG**DØYPTE****DALE**

26.03 Kåre-Robert Rødberg Arne
31.03 Susanna Bøveng Bruvik
13.04 Cecilie Svarstad Carlsen
13.04 August Ekanger
01.05 Ruben Boge Svarstad
01.05 Karolina Stamnes Bjørnberg
01.05 Even Verpelstad Undrum

STAMNES

13.04 Anders Skjerve
30.04 Synne Dæmring Trondsen

**AVLIDNE****DALE**


09.04 Alf Konrad Myklebust , f.1922

STAMNES

22.04 Anders Kaastad , f.1902

NESHEIM

31.03 Lars N. Nesheim , f.1902

**VELKOMEN TIL KYRKJE****4.juni - 1.pinsedag****VAKSDAL kl.11.**

Kvamsøe.Nattverd. Offer til Bergen
Søndagsskolekrets.

STAMNES kl.11. Norum. Nattverd. Offer til
AAN-Rådgivingskotor for gravide:

NESHEIM KL.16. Norum. Nattverd. Offer til
Den Norske Israelsmisjon - Bergen krets.

5.juni - 2.pinsedag

DALE kl.18. Jubileumsgudsteneste. Kvamsøe
og Norum. 1000 år med gudstenestefeiring i
Norge. Nattverd. Offer til IKO. Kyrkjekaffe i
Kantina til DGT.

11.juni - 1.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11. Gudsteneste m.40 års
jubileum.Norum.

EIDSLAND kl.18. Norum. Nattverd. Offer til
Bjørgvin Bispedømeråd.

18.juni - 2.søndag etter pinse

STANGHELLE BEDEHUS kl.11. Fam.gudst.
Kvamsøe. Offer til Søndagsskulen.

EKSINGEDEALEN kl.11. Norum. Nattverd.
Offer til Kristent Arbeid Blant Blinde.

VAKSDAL kl.18. Norum. Nattverd.